

Fagmiljøet knytt til sosiologi

Utdanningar i sosiologi 2016/17:

Årsstudiet og bachelorsstudiet har 1. år felles. Emna gjennom dei to første åra er i rekkjefølgje:

- Sosiologiske perspektiv (15 sp)
- Sosiologisk forskingsmetode (15 sp)
- Ungdom og sosiale institusjonar (15 sp)
- Ungdom og ulikskap (15 sp)
- Nære relasjonar (10 sp)
- Ex.phil. (10 sp)
- Ex.fac. (10 sp)
- Globalisering, stat og samfunn (15 sp)
- Bacheloroppgåve (15 sp)

Utdanninga kombinerer generell sosiologi og ungdomssosiologi. Den generelle delen handlar om å gi studentane kunnskap om grunnleggjande sosiologisk teori, forståing av viktige omgrep og kompetanse til å halde seg kritisk til allmenn og vitenskapleg kunnskap. Den ungdomssosiologiske delen handlar delvis om å nytte ungdom som empirisk eksempel på korleis dei generelle sosiologiske omgrepa kan bli forstått, delvis handlar det om å presentere sosiologisk forskning på ungdom som gruppe.

Årsstudiet har rekruttert mange studentar (langt over måлтаlet på 20) i mange år. Bachelorstudiet (2. året) har hatt søknad under måлтаlet (15) i fleire år, men vi ser ein sterkt aukande popularitet dei siste åra.

Styrken til studiet er utan tvil vinklinga mot ungdom og deira vilkår innafor familie, utdanning, arbeid og fritid. Studentar viser ofte til dette når dei blir spurde om kvifor dei har valt studiet. Årsstudiet inngår godt i andre samfunnsvitenskaplege studium, og er slik sett «risikofritt» for studentar som ønskjer å utsetje avgjersla om kva for bachelor ein vil ta. Fagleg kunnskap om ungdom, men også den allmenne kompetansen i samfunnsvitenskaplege tenkemåtar og metodar, gjer ferdige kandidatar godt rusta for vidare studiar eller arbeid i nærings- og organisasjonsliv, offentleg sektor, media og politikk.

Vi er 5 faglærarar på studiet som delvis også underviser på andre studium (hovudsakleg samfunnsfag, lærarutdanninga og sosialt arbeid), to har doktorgrad i sosiologi (Skrobanek og Hestholm), ein har master i sosiologi (stipendiat Tuba Ardic), to har master/ hovudfag i statsvitenskap (Pavlova og Onarheim).

Forskinga:

Fire fagtilsette (Skrobanek, Ardic, Hestholm, Pavlova) er i ulik grad involverte i prosjektet «Mapping mobility – pathways, institutions and structural effects of youth mobility in Europe» (MOVE). Dette er eit Horizon 2020 prosjekt, der HiSF er den norske partnaren (elles deltar 8 andre institusjonar frå Tyskland, Ungarn, Spania, Romania og Luxemburg). Professor Jan Skrobanek er prosjektleiari ved HiSF. Han har elles ein omfattande forskingsportefølje som inkluderer studiar av unge i overgang

mellom utdanning og arbeid, ungdom og etnisitet, marginaliseringsprosessar og andre ungdomssosiologiske emne.

Hestholm deltar i studiar av sosiale klassar i Noreg saman med forskarar ved UiB og UiA. Her studerer ein refleksjonar rundt utdanning, arbeid og fritid hos ulike grupperingar av norske arbeidstakarar. Elles er kunnskapssosiologi, språksosiologi og teknologi/ vitskapsosiologi faglege interesseområde.

Stipendiat Tuba Ardic driv eit forskingsprosjekt om flyktningar sine grunngevingar for å bli buande eller reise vekk frå lokalsamfunnet (i Sogn og Fjordane) dei har blitt plasserte i.

Sosiologien og regionen:

Forskningsprosjektet til Ardic har tydeleg relevans for regionen Sogn og Fjordane. Dei andre nemnde forskningsprosjekta har også ein viss relevans gjennom at datainnsamling delvis går føre seg i fylket. Vi har også eit samarbeid med politiet i indre Sogn, i form av ei undersøking av rusvanar mellom skuleungdom i regionen.

I nær framtid vil vi gjere framlegg om ei fornying av studieplanen som mellom anna inneber eit treårig utdanningsløp, der yrkesrelevansen av studiet skal bli sterkare. I den samanheng vil vi utvikle samarbeid med NAV, arkiv, museum og media i fylket.

Vi nemner også at tilsette ved sosiologiutdanninga har vore involverte i samfunnsfag for lærarutdanninga, samfunnsfag- og historiestudia. Sosiologimiljøet har dessutan over tid vore involvert i undervisning og rettleiing på bachelorutdanningane i sosialt arbeid og barnevern, samt på ulike vidareutdanningar på IBSV (t.d. rus og «aktiv omsorg»). Fleire av dei tilsette på ISV har også vore rettleiarar på masteroppgåver innafor lærarutdanninga og på master i organisasjon og leiing.

Fagmiljøet knytt til historie

Utdanningar 2016/17:

Årsstudiet og bachelorstudiet har første året felles. Emna gjennom dei to første åra er i rekkjefølgje:

- Eldre historie (15 stp)
- Metode (15 stp)
- Globalisering, stat og samfunn (15 stp)
- Nyare historie (15 stp)
- Samtidshistorie (10 stp)
- Ex.phil. (10 stp)
- Ex.fac. (10 stp)
- Lokalhistorie; menneske, lokalsamfunn og globalisering (15 stp)
- Bacheloroppgåve (15 sp)

Studiet gjev ei innføring i sentrale felt innanfor den norske, europeiske og globale historiske utviklinga frå antikken og fram til våre dagar. Gjennom dette skal dei også få grunnleggjande kunnskap om sentrale teoriar og metodespørsmål knytt til historisk forskning og kunne anvende den i praksis. Dette får dei praktisert gjennom bacheloroppgåva andre året; gjennom analyse av historiske data, kjelder og litteratur skal dei trekke sjølvstendige konklusjonar basert på dette materialet.

Årsstudiet har rekruttert mange studentar (langt over måлтаlet på 20) i mange år. Bachelorstudiet (2. året) har hatt søknad under måлтаlet (15) i fleire år, men vi ser no ein aukande popularitet dei siste åra. Årsstudiet inngår godt i andre samfunnsvitskaplege studium, og er slik sett «risikofritt» for studentar som ønskjer å utsetje avgjerda om kva for bachelor dei vil ta. Historiekunnskapen saman med den allmenne kompetansen i samfunnsvitskaplege tenkemåtar og metodar, gjer ferdige kandidatar godt rusta for vidare studiar eller arbeid i nærings- og organisasjonsliv, offentleg sektor, media og politikk.

I nær framtid vil vi fornye studieplanen som inneber eit treårig utdanningsløp, der yrkesrelevansen av studiet skal bli sterkare. Første året har historie frå antikken og fram til i dag. I tillegg til ex.phil. og ex.fac. vil studentane få eit emne i historiebruk (Historia i samfunnet). Andre året har politiske institusjonar og parti i Europa, emne om globalisering og eit fleirfagleg emne. Siste året har studentane ein praksisdell der dei arbeider på arkiv, museum og lokale media. Forutan denne praksisen, har dei også fordjupingsemne og metode før dei skriv bacheloroppgåva. Denne oppgåva skal på slutten av studiet omarbeidast og populariserast med tanke på utgjeving i eit lokalt tidsskrift.

Vi er fem faglærarar på studiet som også underviser på andre studium (hovudsakleg samfunnsfag på lærarutdanninga). Fire av historikarane har doktorgrad og ein hovudfag i statsvitskap. Miljøet har også involvert på ulike vidareutdanningar på IBSV (t.d. rus). Fleire av dei tilsette på ISV har også vore rettleiarar på masteroppgåver innanfor lærarutdanninga og på master i organisasjon og leiing.

Forskinga:

I dei siste fem åra har instituttet har to store eksternfinansierte prosjekt. Tre av dei fagtilsette er involverte i skrivinga av Fylkessoga for Sogn og Fjordane (Hege Roll Hansen, Oddmund Hoel og

Anders Timberlid). Dette prosjektet som starta opp i 2013, er eit samarbeidsprosjekt mellom HiSF og Høgskulen i Volda og skal avsluttast med utgjeving av fire band i april 2017. Historia til Høyanger vart avslutta i november 2015 med to band skrivne av Martin Byrkjeland og Anders Timberlid.

Ulrike Spring sit i dag som fagleg leiar for NFR-prosjektet TRAUM som står for "Transforming Author Museums", og skal ta føre seg det særeigne kultur- og reiselivsfenomenet: forfattarmuseet. Overalt finst slike museum. Dei skal løfte fram verk som blir sett på som spesielt viktige og identitetsskapande for samfunnet dei er ein del av. Men ofte handlar desse utstillingane meir om forfattaren bak verka, enn om sjølve litteraturen. I tillegg til Ulrike Spring er også stipendiat Thea Aarbakke knytt til prosjektet saman med Oddmund Hoel.

«Learning Regions» er eit tverrfagleg forskingsprosjekt (Noregs Forskingsråd, PRAKUT) ved Høgskulen i Sogn og Fjordane i samarbeid med fleire universitet og høgskular. Eit viktig mål for forskinga var å gje ei betre forståing av variasjonane i skuleresultata i ulike fylke i Noreg og kvifor Sogn og Fjordane skil seg positivt ut. Som del av dette påviste Gunnar Yttri i den historiske studien «Læraren som bygdehøvding» at lærar-yrket historisk har hatt ein særskilt høg status på Vestlandet generelt og i Sogn og Fjordane særskilt.

Historia og regionen:

Fleire av forskingsprosjekta har stor relevans for regionen. Det gjeld i første rekke fire-bands-verket om Sogn og Fjordane. Med den lokalhistoriske profilen til fleire av dei tilsette har dette munna ut i den nemnde byhistoria til Høyanger, men også bygdebøker for Gaular og Sogndal. På same måte er prosjektet «Lærande regionar» eit prosjekt som involverer fleire kommunar i fylket.

Med ei fornying av studieplanen som inneber eit treårig utdanningsløp, vert yrkesrelevansen av studiet og tilknyttinga til regionen sterkare. I dette løpet vil vi utvikle samarbeid med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, De Heibergske Samlinger/Sogn Folkemuseum og media i fylket ved at studentane er i praksis på desse institusjonane.